






Bestemors bananar

-  Ursula Nafula
-  Catherine Groenewald
-  Marzieh Mohammadian Haghghi
-  persisk / nynorsk
-  nivå 4

(uten bilder)

باغ مادربزرگ خیلی زیبا بود پر از خوشه های ذرت، ارزن و سیب زمینی شیرین ولی بهتراز همه موزها بودند. اگرچه مادربزرگ نوه های زیادی داشت من مخفیانه متوجه شدم که من نوه ی مورد علاقه ی مادربزرگ هستم. او اغلب مرا به خانه اش دعوت می کرد. او همچنین رازهای مختصری برای من می گفت. ولی یک رازی بود که مادربزرگ آن را با من درمیان نگذاشته بود: اینکه او موزهای رسیده را کجا می گذاشت؟

...

Kjøkkenhagen til bestemor var full av durra, hirse og maniok. Men best av alt var bananane. Sjølv om bestemor hadde mange barneborn, visste eg i all løyndom at eg var favoritten hennar. Ho inviterte meg ofte heim til seg. Ho fortalde meg òg små løyndomar. Men det var éin løyndom ho ikkje delte med meg: kor ho mogna bananane.

یک روز من یک سبد حصیری بزرگ جلوی نور آفتاب بیرون از خانه ی مادربزرگ دیدم. وقتی که پرسیدم این سبد برای چیست، تنها جوابی که گرفتم این بود که، "این سبد جادویی من است." در کنار سبد، چندین عدد برگ موز بود که مادربزرگ لحظه به لحظه آن ها را جابجا می کرد. من کنجکاو بودم. پرسیدم، "برگ ها برای چیست مادربزرگ؟" تنها جوابی که گرفتم این بود که، "آن ها برگ های جادویی من هستند."

...

Ein dag såg eg ei stor stråkorg som stod plassert utanfor huset til bestemor. Då eg spurde kva ho var meint for, fekk eg svaret: "Det er den magiske korga mi." Ved sida av korga var det fleire bananblad som bestemor snudde frå tid til annan. Eg var nysgjerrig: "Kva brukar du blada til, bestemor?" spurde eg. Det einaste svaret eg fekk, var: "Dei er dei magiske blada mine."

تماشای مادربزرگ، آن موزها، برگ های موز وسبد بزرگ حصیری، خیلی جالب بود. ولی مادربزرگ مرا برای انجام دادن کاری به سمت مادرم فرستاده بود. من اصرار کردم، ”مادربزرگ لطفا، اجازه بده همین طور که اینها را آماده می کنی تو را تماشا کنم.” ”بچه جان لجبازی نکن، کاری که به تو گفته شده را انجام بده.” من فرار کردم.

...

Det var så interessant å sjå på bestemor, bananane, bananblada og den store stråkorga. Men bestemor sende meg av garde til mamma for eit ærend. “Bestemor, ver så snill, la meg få sjå på medan du førebur ...” “Ikkje ver så sta, jenta mi, gjer det du har vorte bede om”, insisterte ho. Eg sprang av garde.

وقتی که برگشتم، مادر بزرگ بیرون نشسته بود ولی نه خبری از سبد بود و نه موزها. "مادر بزرگ سبد کجاست، آن همه موز کجا هستند، و کجاست..." ولی تنها جوابی که گرفتم این بود، آنها در یک جای جادویی هستند. "جواب او خیلی نا امید کننده بود.

...

Då eg kom tilbake, sat bestemor utanfor, men med verken korga eller bananane. "Bestemor, kor er korga, kor er bananane, og kor ..." Men det einaste svaret eg fekk, var: "Dei er på den magiske staden min." Det var så skuffande!

دو روز بعد، مادربزرگ مرا فرستاد تا عصایش را از اتاق خواب برایش بیاورم. به محض اینکه در را باز کردم، بوی شدید موزهای رسیده به مشامم خورد. در اتاق داخلی سبد حصیری جادویی بزرگ مادر بزرگ قرار داشت. سبد، خیلی خوب با یک پتوی قدیمی پوشیده شده بود. من پتو را برداشتم و آن عطر دلنشین را بوییدم.

...

To dagar seinare bad bestemor meg om å henta stokken hennar frå soverommet. Så snart eg opna døra, vart eg møtt av den sterke lukta av modne bananar. I det inste rommet var den store magiske stråkorga til bestemor. Han var godt gøymd av eit gammalt teppe. Eg løfta det og lukta på den vedunderlege angen.

با صدای مادربزرگ از جا پریدم وقتی که گفت، "تو داری چه کار می‌کنی؟ عجله کن و عصایم را برایم بیاور." من با عجله با عصای مادربزرگ به بیرون رفتم. مادربزرگ پرسید، "تو به چی داری می‌خندی؟" سوال مادربزرگ به من فهماند که من هنوز به خاطر کشف مکان جادویی مادربزرگ لبخند بر لب دارم.

...

Stemma til bestemor skremde meg då ho ropte: "Kva held du på med?" "Skund deg og ta med stokken." Eg skunda meg ut med stokken hennar. "Kva er det du smiler for?" spurde bestemor. Spørsmålet hennar fekk meg til å innsjå at eg enno smilte over oppdaginga av den magiske staden hennar.

روز بعد وقتی که مادربزرگ به دیدن مادرم آمد، من با عجله به سمت خانه ی او رفتم تا یکبار دیگر موزها را کنترل کنم. یک دسته موز خیلی رسیده آنجا بود. من یکی برداشتم و در لباسم پنهانش کردم. بعد از اینکه دوباره سبد را پوشاندم، به پشت خانه رفتم و موز را سریع خوردم. این شیرین ترین موزی بود که تا حالا خورده بودم.

...

Neste dag, då bestemor kom for å vitja mor mi, skunda eg meg av garde til huset hennar for å sjekka bananane ein gong til. Det var ein klase veldig modne bananar der. Eg tok éin og gøymde den i kjolen min. Etter at eg hadde dekt korga, gjekk eg bak huset og åt den fort. Det var den søtaste bananen eg nokosinne hadde smakt.

روز بعد، وقتی که مادربزرگ در حال چیدن سبزی ها در باغ بود، من یواشکی
آمدم و دزدکی به موزها نگاه کردم. تقریبا همه ی آنها رسیده بودند. من
نتوانستم جلوی خودم را بگیرم و یک دسته ی چهار تایی موز برداشتم. همان
طور که پاورچین پاورچین به طرف در می رفتم، صدای سرفه ی مادربزرگ را از
بیرون شنیدم. من توانستم که موزها را زیر لباسم پنهان کنم و از کنار او رد
شدم.

...

Neste dag medan bestemor var i kjøkkenhagen og
plukka grønsaker, sneik eg meg inn og titta på
bananane. Nesten alle var modne. Eg kunne ikkje la vera
å ta ein klase med fire. I det eg lista meg mot døra,
hørde eg bestemor hosta utanfor. Eg rekte så vidt å
gøyma bananane under kjolen og gjekk forbi henne.

روز بعد روز بازار بود. مادر بزرگ صبح زود بیدار شد. او همیشه مزه‌های رسیده و سیب زمینی‌های شیرین را برای فروش به بازار می‌برد. من آن روز برای دیدن او عجله نکردم. اما نتوانستم برای مدت طولانی خودم را از او پنهان کنم.

...

Neste dag var det marknadsdag. Bestemor stod tidleg opp. Ho tok alltid med modne bananar og maniok for å selja på marknaden. Eg skunda meg ikkje for å vitja henne den dagen. Men eg kunne ikkje vika unna henne veldig lenge.

بعد از ظهر همان روز مادر و پدر و مادربزرگم مرا صدا زدند. من دلایلش را می دانستم. آن شب وقتی که دراز کشیده بودم که بخوابم، من می دانستم که دیگر نمی توانم هیچوقت دوباره، نه از مادربزرگ، نه از پدر و مادرم و نه از هیچکس دیگر دزدی کنم.

...

Seinare den kvelden sende mor, far og bestemor bod etter meg. Eg visste kvifor. Då eg la meg til å sova den natta, visste eg at eg ikkje kunne stela igjen, ikkje frå bestemor, ikkje frå foreldra mine, og definitivt ikkje frå nokon andre.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

موزه‌های مادر بزرگ

Bestemors bananar

Skrevet av: Ursula Nafula

Illustret av: Catherine Groenewald

Oversatt av: Marzieh Mohammadian Haghghi (fa), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).